

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. <sup>76</sup>  
~~Dei Kloge~~

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Dei Kloge

Oppskr. av: Eilert Tjensvoll

(adresse): Tunheim Ruten ,  
Bryne

Fylke: Rogaland

Herad: Time

Bygdelag: Grønabygdo

Gard: Tjensvoll

G.nr. 61 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Her har nokk vore kloge folk på jåren i gamle dagar men eg har ikkje vore istand til å finna noken som kan fortelja om dei. Eg har bara denne Homoreske frå Time

Nils Steinsland hadde stampa og stampa vadmol for folk Ein dag vart der stålet ein vev og Nils hadde mistanke til ein mann i bygdeo som hadde ord på seg at han stol. Men Nils våga ikkje å gå til mannen såleis utavidere. Men han vart tilråd å søkja ei klog kona som skulle bu i Stavanger Nils kom til byen og traf på eit arbeidslag som grov i gata, og spurte så dei om kor han kunne finna den kloge kona, og fekk til svar: Jau, nå er du komen til den rette for eg har ei kona som er klogare end adle dei hine så du får gå heim til henne. --

I tidskrift utgit av Rogaland Historielag no 1 og 4 har O. Indrehus skreve om ein " Finne " som " viste igjen " i Åkra Kirke og om ei Trolkjarring i " Smørsund " men då eg går ut frå at desse forteljingar vil de få fra Karmøy så eg utelet det her.

Skulle De ikkje få det derifrå så kan me koma attende til dette seinare.